

Velkomen om bord på MS Skulebas

Den 26. januar legg vårt eige opplæringsfartøy, MS Skulebas, frå kai og reiser på eit to-vekers seglas i Nordfjord og Sunnfjord. I løpet av seglasen skal vi innom åtte hamner, og i kvar hamn ynskjer vi å invitere både elevar, føresette og innbyggjarane elles velkomen om bord på Ope skip. Her møter besøkande både elevar og lærarar som vil gi omvising på det flotte skipet vårt, samt dele informasjon skulen sitt mangfaldige tilbod.



om

Størsteparten av mannskapet om bord er elevar på Vg1 Teknologi- og industrifag. For fyrste gong skal Vg1-elevane ha delar av den praktiske opplæringa si om bord på Skulebas. Dei to klassene på skulen har kvar si veke på seglas, der målet er at dei på ekte vis skal få erfaring med livet på sjøen og få djupare innsikt i yrker innan maritime fag. Samstundes vil elevane kunne dele av sine kunnskapar og erfaringar. Dei vil fortelje om korleis skulekvardagen er, kva moglegheiter dei har for vidare utdanning og yrkesliv, og ikkje minst korleis det er å vere elev ved Måløy vidaregåande skule.

På dagtid vil vi ynskje 10. klasse og elevar på vidaregåande skule velkomen om bord, og på kveldstid held vi opent for alle som måtte ynskje det.

Vi set stor pris på om de vil dele invitasjonen. Vi legg ut seglasplan på skulen si heimeside www.maloy.vgs.no og besøkstider for Ope skip i dykkar hamn. Nordfjordseglasen er i tidsrommet 26-30. januar, og Sunnfjordseglasen er i tidsrommet 9-13. februar. Ny hamn vi besøker i år på Nordfjordseglasen er Selje.

Hjarteleg velkomne skal de vere!

Seglasplan TIF veke 5 1TPA – rekrutteringstur vidaregåande og ungdomsskular

SKULEBAS

Dato og dag	Tidspunkt	Beskriving	Distanse og reisetid	Kommentarar
Måndag 26. jan.	08:30	Elevane om bord for brann og mønstringsøving (introduksjon må vere gjennomgått tidlegare)		
	10:00	Avgang Tennebø for Stryn	55 nm / 6,5 timar	
	16:30	Framkomst Stryn		
	18:00	Opent skip Stryn		
Tysdag 27. jan.	10:00	Invitere ungdomsskule		
	11:30	Invitere vidaregåande skule		
	13:00	Avgang Stryn for Nordfjordeid	42 nm / 4,5 timar	
	17:30	Framkomst Nordfjordeid		
	19:00	Opent skip Nordfjordeid		
Onsdag 28. jan.	10:00	Invitere ungdomsskular		
	12:00	Invitere vidaregåande skular		
	15:00	Avgang Nordfjordeid for Davik	15 nm / 2 timar	

	17:00	Framkomst Davik		
	18:00	Opent skip Davik		
Torsdag 29. jan.	09:00			
	09:30	Invitere ungdomskular (Davik/Svelgen)		Ta imot elevar frå Davik og Svelgen
	13:00	Avgang Davik Bremanger for Selje	28 nm / 3,5 timar	
	16:30	Framkomst Selje		
	18:00	Opent skip Selje		
Fredag 30. jan.	09:00	Invitere ungdomsskule		Ungdomskular Selje, Stadtlandet, Åheim og Fiskå
	11:00	Avgang Selje for Tennebø + nedvask undervegs.	15 nm / 2,5 timar	
	13:30	Framkomst skulen		

Seglasplan Skulebas TIF veke 7 1TPB – rekrutteringstur vidaregåande og ungdomsskular

Dato og dag	Tidspunkt	Beskriving	Distanse og reisetid	Kommentarar
Måndag 09. feb.	08:30	Elevane om bord for brann og mønstringsøving (introduksjon må vere gjennomgått tidlegare)		
	10:00	Avgang Tennebø for Askvoll	45 nm / 5 timar	
	15:00	Framkomst Askvoll		
	17:00	Opent skip		
Tysdag 10. feb.	10:00	Invitere ungdomsskule 10 kl		
	11:30	Invitere vidaregåande skule		
	13:00	Avgang Askvoll for Førde	35 nm / 4 timar	
	17:00	Framkomst Førde		
	18:00	Opent skip Førde		
Onsdag 11. feb.	09:00	Invitere ungdomsskular 10.kl		
	11:30	Invitere vidaregåande skular		

	14:00	Avgang Førde for Florø	33 nm / 4 timar	
	18:00	Framkomst Florø		
	19:00	Opent skip Florø		
Torsdag 12. feb.	10:00	Invitere ungdomsskulane (Florø og Eikefjord) 10.kl		
	12:00	Invitere vidaregåande skule		
	13:30	Avgang Florø for Kalvåg	20 nm / 2,5 timar	
	16:00	Framkomst Kalvåg		
	17:00	Opent skip Kalvåg		
Fredag 13. feb.	09:00	Invitere ungdomsskule		Invitere skulen på Hauge
	10:00	Avgang Kalvåg for Tennebø	21 nm / 2,5 timar	
	12:30	Framkomst skulen		